

MUSIKK OG SPRÅK

er temaet for dette nummeret av Nynorskopplæring.

KOMPONERING AV MUSIKK

har mange sams element med språkopplæring. S. 4

MUSIKKTEKSTAR kan vere eit utgangspunkt for arbeid med lyrikk, dialektar og nynorsk. S. 8

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 10 | VINTEREN 2010/2011 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Rocka nynorsk

MANGE ROCKARAR HAR vist at det går an å gjere tøffe ting på nynorsk og dialekt. Band som Gåte, Vamp, Hellbillies og Valkyrien Allstars synleggjer at rock på nynorsk og dialekt er ein god idé! Dei framfører tekstene med trøkk og glød, og får fram at tekstene og språket er viktige i rockemusikken.

Også nynorske barnesongar har fått sin hit med plata «Kveldssong for deg og meg». Odd Nordstoga toppa VG-lista i alle fall sju gonger med songen «Grisen står og hyler». Songen vart så populær at dei fleste barn har høyrte og vore med på å syngje denne teksta av barnebokforfattaren Ragnar Hovland.

At mange barnehagebarn også kan syngje tekstene til Vassendgutane sine songar, er vel

ikkje alltid like godt likt av foreldre og pedagogar. Men barn får med seg kva som er populært og kva dei vaksne likar, og dei lærer lett songtekster.

«Nynorsk er sangbart, det er eit språk for stearinlys og kjensler,» seier Kjell Inge Torgersen når han får spørsmål om kvifor han omset Sting sine tekster til nynorsk.

Sjølv om me er kløpparar i engelsk, så skal det godt gjerast å få med alle nyansar på vegen frå engelsk til norsk. Ved å gjendikte songane kan ein tilføre ein ny dimensjon, og for barn som skal lære språk og utvide ordforrådet sitt, kan det vere ei ypparleg øving å sjå og høyre den same teksten i fleire utgåver, som til dømes både på engelsk og nynorsk.

Heide Steinsvik Nordal
LEIAR PÅ NYNORSKSENTERET



NYNORSKOPPLÆRING NR. 10, FJERDE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto, Dolly og Unibody
SPRÅKVASK: Aud Søyland
PRENTEVERK: EgsetViketrykk AS
FRAMSIDE: Åshild Irgens
BAKSIDE: Jorunn Hanto-Haugse
ISSN: 1890-3975
ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressursenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
www.nynorsksenteret.no



Leitar du etter songar til bruk i nynorskundervisninga? Skulle du gjerne hatt tak i tonesetjingar av til dømes Olav H. Hauge-dikt til bruk i litteraturtimane? No er det hjelp å få!

Spelelister med nynorskmusikk

TEKST: **Arild Torvund Olsen** BILETE: **Faksimile**



Listene ligg på www.nynorsksenteret.no/musikk

NYNORSKSENTERET har sett saman spelelister i musikktenestene Wimp og Spotify. Der har me plukka ut kring 130 songar med nynorsk tekst. Listene inneheld alt frå pop til acappella-jazz og svartmetall, og skulle slik sett ha noko for alle. Kan henda kjem du over musikk du ikkje kjende frå før. Visste du til dømes at den norsk-ungarske gruppa Eddy Zoltan i 1974 gav ut ei progrock-konseptplate med nynorske tekstar? At den polske musikaren Andrej Nebb har laga mange songar med tekstar av Tor Jonsson? At Nora Brockstedt har spelt inn ei nynorsk tolking

av «Can't Help Lovin' Dat Man»? Eller at Ragnar Hovland, som medlem av gruppa Dei nye kapellanane, har tolka Sex Pistols på nynorsk – med trekkspelkomp? Du finn desse songane, og mange andre, i spelelistene.

Nynorsksenteret har òg laga til spelister med nynorske barnesongar og forfattar-spelister. Til dømes ligg det ute lister med meir enn hundre songar med tekstar av Olav H. Hauge, 45 songar med tekstar av Ivar Aasen og 59 med tekstar av Jakob Sande. Til saman er det tretten slike forfattarlistar.

Innhold

Rocka nynorsk av Anne Steinsvik Nordal	S. 2
Spelelister med nynorskmusikk av Arild Torvund Olsen	S. 3
Språk og komponering av Reidun Åslid Bjørlykke	S. 4
Mange års røynsle med song og musikk av Irene Garnes Hareide	S. 6
– Bruk musikklyrikk i klasserommet! av Øystein Espe Bae	S. 8
Magisk grammatikk av Hjalmar Eiksund	S. 10
Tusen måtar å teikne krøllar av Janne Karin Støylen	S. 13
Vevsidetips: Dokpro av Hjalmar Eiksund	S. 14
Boktips: Kjenn ditt hjarta falle av Irene Garnes Hareide	S. 14
Teikneserie: Reveland av Jorunn Hanto-Haugse	S. 16

Har du tips til stoff til bladet?
Send det på e-post til ato@hivolda.no.

Kva har norskfaget og musikkfaget felles? Mest kjent og brukt er naturleg nok songar, rim og regler. Når vi brukar forteljing som utgangspunkt for komponering, finn vi ei rekkje felles element i musikk- og språkopplæring.

Språk og komponering

TEKST: **Reidun Åslid Bjørlykke**, førstelektor i musikk, Høgskulen i Volda BILETE: **Steinar Høydal**



LYTTING • Evna til å lytte er grunnleggjande for språkopplæring. I leseopplæringa er bokstav-innlæring og oppfatning av ord det sentrale. Til grunn for slik læring ligg lytting. Å kunne lytte er ein føresetnad for lyddiskriminering (når eleven skal lære å skilje mellom lydane) og lydproduksjon, og er også bindeleddet mellom desse elementa og forståing og innlæring av symbol. Sjølve leseinnlæringa vert kort sagt ein prosess der barnet skil mellom lydar og koplar lydar med symbol, som igjen vert meiningsberande i form av ord. Når vi komponerer, går det føre seg ein liknande prosess. Vi lyttar oss fram til lydar som skal gi uttrykk for det vi vil formidle med musikk, og nyttar gjerne symbol for lydane.

KLANG • I samband med lyddiskriminering og lydproduksjon vert klang og rytme sentrale omgrep. Klang vert brukt om karakteristiske eigenskapar ved lydkjelda, som til dømes kan vere eit musikkinstrument, ei stemme, klapping eller slag på kroppen. Ved leseopplæring er det den normale talestemma med variasjonar i ord og tonefall som er i bruk. I samband med komponering kan vi eksperimentere med «nye» lydsekvensar og dynamiske variasjonar. Både den tradisjonelle måten å bruke stemma på og den meir eksperimentierende kan fremje evna til lyddiskriminering og lydproduksjon.

RYTME spelar ei sentral rolle både i språk og i musikk. Alle ord har rytme i seg, og all musikk har anten bunden rytme eller fri rytme. Bunden rytme er karakterisert ved eit metrisk preg der vi kan registrere pulsen, medan fri rytme ikkje let seg fange av det metriske. I leseopplæring vert ordrytmen innarbeidd i tilknytning til den fonetiske (den lydmesseige) innlæringa. For at barnet skal få kontroll på eit ord, må det ha rett rytme i måten å seie ordet på. Rytmask musikkaktivitet

kan vere tradisjonell eller eksperimentierende. Å bruke bunden rytme passar godt inn med bruken av ordrytme som til dømes i songar, rim og regler. Å leike seg med fri rytme kan passe godt i samband med at ein vil utforske ulike typar klangar. Dersom vi legg vekt på rytme, fri eller bunden, kan det auke barnet sitt medvit om språklege og musikalske uttrykk.

DYNAMIKK er alltid ein del av språk og musikk. Ein finn variasjonar i stemmebruk frå det svake til det sterke. I musikk er dynamiske variasjonar ein viktig del av det musikalske uttrykket, og noko born skal få verte kjende med som eit verkemiddel i det å komponere. Vi tenkjer nok ikkje dynamikk inn som ein vesentleg del av leseopplæringa, men kanskje kan det vere noko å hente for leseopplæringa om vi vil tilføre meir spenning og fleire nyansar av uttrykk?

FORM • Omgrepet form seier noko om korleis ei forteljing eller ein komposisjon vert bygd opp. Elementet form inneheld ulike delar. Det kan vere eitt eller fleire tema som vert gjentekne, eller det kan handle om variasjonar i kontrasterande delar. Det kan også innebere oppbygging mot eit høgdepunkt i forteljinga eller i komposisjonen. Å ha forståing for dette vil vere til hjelp når vi skal bruke ei forteljing som utgangspunkt for ein komposisjon.

Leik og variasjon i opplegget kan vere med på å styrkje både motivasjonen og konsentrasjonen.

SYMBOL • Å kunne forstå, tolke og gjenkjenne symbol er basis for leseopplæring. Her vil bokstavar vere dei symbola barnet skal tileigne seg. Når det gjeld musikk og komponering, er der fleire former for symbol som kan nyttast. Born på dei lågaste klassetega er ikkje avhengige av notasjon for å kunne komponere, men grafisk notasjon i form av ulike symbol kan vere eit godt hjelpemiddel også for dei minste elevane.

MOTIVASJON • Å lytte, å skilje lydar og å kople lydar saman med symbol krev stor konsentrasjon av eleven, anten det er leseopplæring eller komponering det handlar om. Det vert difor viktig at eleven er motivert for aktiviteten. Leik og variasjon i opplegget kan vere med på å styrkje både motivasjonen og konsentrasjonen, og gjere opplevinga rikare og auke kunnskapen for eleven. Med ei forteljing som utgangspunkt ligg det til rette for vidare fabulering og fantasering gjennom komponering. Slik vert også den kreative evna stimulert.

Opplegg med komponering
På www.nynorsksenteret.no/born/ ligg det ute filmar og tekstar som syner eit opplegg for korleis born kan nytte den nynorske animasjonsfilmen *Jakob og Neikob* som grunnlag for ein komposisjon.

Eg møter Bergljot Lyssand Bjørø på Os skule ein tidleg morgon i november. I dag skal det vere songsamling for elevane på første til fjerde trinn, og Bergljot er ein av lærarane som er involverte.

Mange års røynsle med song og musikk

TEKST: **Trene Garnes Hareide** FOTO: **Trene Garnes Hareide**



BERGLJOT HAR MUSIKKUTDANNING med musikkbarnehage som spesialfelt, og har sidan 1973 jobba med musikk. Ho starta opp med privat musikkbarnehage i Os, og har jobba både i den kommunale kulturskulen, med baby-grupper, songgrupper for eldre, og med ulike oppdrag knytte til skuleverk og barnehagar. I arbeid med barn er ho oppteken av at barna skal få syngje nynorske songar. Det er difor eg er her i dag. Eg vil spørje henne om kva erfaringar ho har gjort seg med dette. Vi finn eit bord på personalrommet, og Bergljot fortel:

– Nynorsk er ein viktig del av identiteten min, og det er hovudmålet i kommunen og på skulen her. Vi opplever stendig større påverknad frå Bergen, og bruken av nynorsk er med på å motverke dette. Men det som tel mest, er jo det at barna får syngje på eit mål som liknar talemålet, seier ho.

Ho fortel at det ikkje berre har vore enkelt å finne gode songar på nynorsk, særleg ikkje i starten.

– Då eg kom tilbake til Os som nyutdanna, hadde eg med meg mykje materiell, men alt var på bokmål. Så det var faktisk i møte med foreldra til barna i musikkbarnehagen at eg vart medviten om å bruke nynorske tekstar. Eg måtte ty til ulike strategiar for å finne tekstar: Nokre fann eg i bøker, nokre omsette eg frå bokmål, og i tillegg skreiv far min, Henrik Lyssand, fleire songar til meg.

I dag er situasjonen annleis, fortel ho, og nemner to bøker som eignar seg spesielt godt for bruk i skule og barnehagar. Den eine er redigert av Odd Nordstoga og har tittelen *Song for deg og meg*. Den andre heiter *Syng sjøl*, og er redigert av Geirmund Johnsen.

– Nordstoga har ei fin blanding av nytt og gammalt, og det likar eg. Boka *Syng sjøl* utmerkar seg ved at ho har ei tematisk inndeling, noko som er praktisk.

VERDIEN AV MUSIKK • Ho har jobba med musikk heile livet, men synest likevel at det er litt vanskelig å setje ord på kvifor musikk er eit verdifullt innslag i barn og unge sine liv.

– Eg trur eg må seie at det er sjølve musikkopplevinga som er det mest verdifulle. At ein ser

– Mange som jobbar med barn, har ein barriere. Dei tenkjer at dei ikkje er flinke nok.

at barna har det fint. Musikken skapar fellesskap, kontakt og tryggleik, og gjennom musikk og rytme får ein aktivisert så mange delar av mennesket. Musikken vekker kjensler, ja, han skaper ei fin form for samvere, reflekterer ho.

Gjennom songen og musikken kan ein nå fram på ein heilt unik måte, meiner ho. I tillegg vil ho framheve at bruk av song kan gjere barn meir språkbevisste.

– Gjennom songen får barna utvida ordforrådet sitt. Det er fint at dei, til dømes gjennom eldre tekstar, får innblikk i at det finst fleire ord for den same tingen, at språket er rikt.

Ho er oppteken av at alle menneske kan skape musikk, og i arbeid med barnehagar legg ho vekt på dette:

– Mange som jobbar med barn, har ein barriere. Dei tenkjer at dei ikkje er flinke nok. Men alle har noko bra som dei kan bruke, og eg oppmodar dei tilsette i barnehagane om å bruke musikk gjennom heile dagen. Song er ikkje noko som berre høyrer samlingsstunda til, understrekar ho.

Stilla på personalrommet blir broten av lette barneføter som småspring på sokkeleistane i gangen utanfor. Det er elevane på tredje trinn som er på veg til songstunda. Vi går etter dei, til det store musikkrommet, som er fullt av barn. Dei minste sit på golvet, og dei eldste sit på stolar langs veggene. Stemninga er spent og kviskrande stille. Så stemmer alle barna i med denne songen som Henrik Lyssand har skrive:

*Ein katt som skulle barbera seg,
han var så redd for å skjera seg.
Han kika i eit speil som hang på ein vegg,
og fann ut at han i grunnen var tøff med skjegg*

Songen er kjend og kjær for barna, og stunda er prega av den frie songgleda som kanskje først og fremst høyrer barndommen til. Dei syng nye og eldre songar, og songar med og utan rørsler til. Då stunda er over, tilseier stemninga at dette har vore kjekt, både for barn og vaksne, og eg blir mint på Bergljot sine ord: Musikk handlar om å dele ei oppleving som rører ved heile mennesket. Det er tonar og rytme, men også språket er ein del av den gode opplevinga, og i eit slikt perspektiv er det viktig at barna får syngje på nynorsk òg.



Å arbeide med musikklyrikk i klasserommet kan vere med på å auke elevars interesse, motivasjon og kunnskap om nynorsk. Lyriske uttrykksformer som unge kjenner att frå populærkulturen, kan slik bli eit utgangspunkt og ein trampoline til vidare arbeid med både nynorsk grammatikk, dialektar og det nynorske diktuniverset.

– Bruk musikklyrikk i klasserommet!

TEKST: Øystein Espe Bæ FOTO: Øyvind Jensen



BARN OG UNGE høyrer mykje på musikk, både popmusikk, rock og rapp – ofte mykje meir enn dei les bøker og dikt. Musikkvideoar har dei siste tiåra vakse til å bli nokre av dei mest populære samansette tekstane i vår tid, og det å invitere nokre av desse uttrykksformene inn i klasserommet i samband med norskundervisinga kan opplevast som motiverande for mange elevar – og kanskje også for læraren?

Medforfattar av boka *Det nye norskfaget*, Sture Nome, skriv i *Norskdidaktikk* (2009) om bruken av musikklyrikk som samansett tekst i klasserommet. Han nyttar Side Brok som døme når han skriv om korleis ein kan gjere tradisjonell lyrikk subjektivt relevant for elevar. I artikkelen viser han til at analyse av musikklyrikk kan supplere tradisjonell diktanalyse og fungere som ein inngangsportal. Nome fokuserer særskilt på rapp, fordi sjølve teksten og framføringa av han er meir likestilt med musikken der enn i andre musikkformer.

«Det er hensiktsmessig å utnytte elevens interesse for og kjennskap til musikklyrikken, som en inngang til arbeidet med lyrikken,» seier Nome (s. 416). Men skal ein sjå på bruken av nynorsk og dialekt i rapptekstar, må eit slikt analysearbeid også ha ei parallell vektlegging av det *tematiske*, meiner han. Til dømes blir samspelet mellom den globaliserte verda og det nære tematisert i Side Brok-teksten «Setra»:

ej ligge opp på setra og mekra
fuglane synge og gjeitene breka
ej breaka på ei steinhelle
laga lyrikk som aldri vil selle
for ingen forste hip-hop frå hovdebygda
ej kan like godt gå på folketrygda

Den kulturelle skulesekken i Møre og Romsdal dreg snart i gang formidlingstilbodet «Snakk om

– Når eg skriv rapptekstar, er eg inspirert av heile den nynorske kulturarven.

Runar Gudnason, Side Brok

språk!». Her skal dialekt-rapparen i Side Brok, Runar Gudnason, samtale med (og rappe for) elevar på ungdomstrinnet i store delar av fylket om rare og flotte dialektord, språkendingar, knoting, språk og makt og språkleg vane.

Trur Gudnason at det å sjå nærare på musikklyrikk frå til dømes Side Brok kan føre til auka medvit om forholdet mellom dialekt og nynorsk hjå elevar på ungdomstrinnet?

– Ikkje berre trur eg det – eg veit det! utbryt han. – Eg har tidlegare sett korleis det går eit lys opp for ungdom når det gjeld dette. Eitt av hovudpoenga med denne turneen er å gjere ungdomar medvitne om forholdet mellom dialekt og skriftspråk, legg han til.

Men Gudnason har tru på at det å nytte musikklyrikk i klasserommet kan gi kunnskap om fleire ting enn tilhøvet mellom dialekt og skriftspråk.

– Når eg skriv rapptekstar, er eg inspirert av heile den nynorske kulturarven. Om ein nærles tekstane mine i klasserommet, finn ein mange intertekstuelle referansar til mellom andre Ivar Aasen og Olav H. Hauge.

Trur du at det å arbeide med musikklyrikk kan skape motivasjon og interesse hjå elevar for det å uttrykke seg på sin eigen dialekt og finne si eiga nynorske stemme?

– Det at elevar får sjå at artistar bruker dialekt i tekstane, kan gi dei eit førebilete slik at dei torer å bruke sitt eige språk. Det kan auke både språkleg forståing og ikkje minst den språklege sjølvstilliten til elevane, avsluttar Gudnason.

Klasseroms- tips:

- Hugs at rapp fungerer ikkje alltid så godt berre som tekst. Teksten får ofte liv og mening gjennom stilen, det multimodale uttrykket.
- Lag speleliste med nynorske songar på Spotify eller på Youtube. Be elevane nominere sine eigne nynorske songtekstfavorittar og grunngje valet. Analyser tilhøva mellom skriftnormal og dialekt i ein utvald song.
- Sjå på teksten til Side Brok sin song «Setra» (ligg på sidebrok.no). Skriv om teksten frå dialekt til nynorsk, og sjå om de finn spor av den nynorske kulturarven i teksten.
- Lag ein musikkvideo til ein eksisterande song og legg han ut på Youtube. Legg gjerne på nynorske undertekstar og diskuter resultatet ved hjelp av kommentarinnlegg.
- Spel av Side Brok sin song «drit å gjer» frå Youtube medan elevane har utskrift av songteksten (frå sidebrok.no) framføre seg. Korleis er samspelet mellom dialekt og rimstruktur i songen?
- Bruk Side Brok sin versjon av Olav H. Hauges «Eg stend eg, seddu» som ein inngang til forfatterskapen. (Du finn han på Spotify.) Har Side Brok lukkast i å tilføre noko til diktet?

Bratteberg skule har gjort det. Det same har Volda vidaregåande, Godøy skule, Velle skule og fleire andre institusjonar rundt omkring i Noreg: Dei har alle sett opp musikalen «Grammatikk og kjærleik», som er basert på livet til Ivar Aasen.

Magisk grammatikk

TEKST: **Hjalmar Eiksund** FOTO: **Geir Bjarte Hjetland**



– Alle bør ha sjansen til å få vere med på ein slik musikal. Det er veldig morosamt!

Marielle Brandshaug, elev ved Kaupanger skule

VED KAUPANGER SKULE brukte elevar og lærarar store delar av fjoråret på oppsetjinga, og både elevar og lærarar meiner det freistar å gjere det igjen. Musikalen var den kulturelle hovudsatsinga førre skuleår, med to hundre elevar på scena. Dette var første gong skulen sette opp noko så stort. Etter suksessen ønskjer skulen å ha ei større framsyning jamleg, kan hende kvart tredje eller fjerde år. Primus motor for oppsetjinga, Kari Malmanger, er full av lovord over innsatsen til alle involverte.

– Det var utruleg viktig at heile skulen bestemte seg for at vi skulle gjere dette, og gjere det skikkeleg. Alle tilsette på Kaupanger skule gjorde ein fantastisk jobb!

Det var Kari som saman med ein kollega kom over musikalen på ein konferanse i regi av Nynorsksenteret. Dei fekk CD-en *Grammatikk og kjærleik* i gåve, og på veg heim sette dei han i musikkplanlegget i bilen. Dei hadde lenge leika med tanken om eit musikalprosjekt, og plutselig hadde dei noko som var midt i blinken. Både musikken, temaet og heile musikalen var så fengjande at dei bestemte seg for å setje i gang.

Skulen sette av store delar av skuleåret til innøvinga.

– Eigentleg passar musikalen best for ei homogen aldersgruppe, så vi måtte forenkle han for at han skulle kunne brukast i 1.–10. klasse, fortel Kari Malmanger. Nokre songar vart bytte ut med folketonar med Aasen-tekstar, medan andre arrangement vart reduserte frå fire- til tostemt kor. Skulen hadde audition for solistrollene, medan fem forskjellige kor song ulike songar. CD-en var til stor hjelp. Vi brukte kompet

på det meste av musikken, men på somme songar var toneleiet vanskeleg for solisten, og då hadde skulen eige band i staden.

STORSATSING • Skulen la ned mykje ressursar i satsinga. Det vart hyrt inn ein distriktsmusikar på piano i tillegg til ein ekstern danselærer som tok seg av koreografien. Det var øvingar jamt og trutt, og dei siste vekene før framsyning var det berre øvingar heile tida, særleg for solistane. Somme solistar fekk uttelling i musikkarakteren for rolla dei gjorde.

Marielle Brandshaug (12, biletet), som var ein av solistane, fortel engasjert om korleis andre fag ein periode måtte vike for øvingar til musikalen.

– Det var mykje jobb, og av og til måtte vi øve trass i at vi egentleg kunne songane, men på den måten var vi sikre på at alt gjekk bra på sjølve oppsetjinga. Ho er klar på at ho ville gjort det same igjen.

– Alle bør ha sjansen til å få vere med på ein slik musikal. Det er veldig morosamt!

MAGISK STEMNING • Etter framsyningane var alle stolte. Ifølgje Sogn Avis skapte elevane ei «magisk stemning». Alle lærarane er einige om at dette har vore eit verdifullt prosjekt både som læring for elevane og som bygging av skulemiljø og omdømme. Det var fantastisk respons frå publikum på framsyningane og etterpå.

– Ei stund kunne vi ikkje gå på butikken ein gong utan å bli stoppa av entusiastiske bygdefolk, fortel Kari Malmanger. – I haust vart skulen tildelt Dronning Sonjas skolepris. Det gode

skulemiljøet ved Kaupanger skule var med i grunngevinga, noko som tydeleg kjem fram i entusiasmen rundt oppsetjinga.

– Ved Kaupanger skule er det i utgangspunktet eit veldig positivt syn på nynorsken. Her treng ikkje skriftspråket nokon PR-offensiv, slik det treng på ein del andre skular, held Kari Malmanger fram. Det er ikkje farleg å tenkje nytt for å formidle språkhistoria, men det er viktig at ein gjer det med kvalitet. Når elevane merka at det var kvalitet på det dei var med på, vart dei endå stolte. Foreldra var ikkje berre stolte fordi det var deira eigne håpefulle som stod på scena, men dei var stolte fordi produktet var så bra! Songane appellerte til elevane, og dei likte verkeleg å jobbe med dei. Vi tek gjerne opp att denne musikalen ein annan gong, men fyrst må det bli noko anna ei stund. Variasjon er òg viktig.



Om musikalen:

Musikalen «Grammatikk og kjærleik» handlar om barndomen og ungdomstida til Ivar Aasen. Nynorsksenteret sel ein skulepakke med CD-ar og notar som gjer det lett å ta musikalen i bruk. Du kan lese meir om musikalen, høyre smakebitar og sjå videosnuttar frå oppsetjingar andre stader i landet på www.nynorsksenteret.no/musikal/



NYNORSKKONFERANSEN 2011

6. april, Rica Victoria Hotel, Lillehammer

Program og påmelding på www.nynorsksenteret.no/konferanse/

– Eg ville teikne friskt og fritt! Slik som historia er. Men kor rampete skulle Tonje vere? Og løvekrøllar? Det kan ein teikne på tusen måtar!

Tusen måtar å teikne krøllar

TEKST: **Janne Karin Støylen** BILETE: **Åshild Irgens** (frå boka *Tonje Glimmerdal*)

ÅSHILD IRGENS har illustrert barneboksuksessen *Tonje Glimmerdal*. Det er også ho som har teikna framsideillustrasjonen til dette nummeret av bladet Nynorskopplæring. Temaet er musikk.

– Å illustrere er alltid ei musikalsk handling, seier ho.

– Då eg var lita, las eg boka om Ronja Røvardotter mange gonger. Eg syntest det var så inspirerende å lese om korleis ho utfordra det ho var redd for. Forteljinga gjorde meg modigare og tryggare på meg sjølv, ho har hatt mykje å seie for korleis eg utvikla meg som person. Vi må gje borna det dei ikkje visste at dei ville ha. Dette er eit stort ansvar. Ikkje fleire rosa prinsesser! *Tonje Glimmerdal* har mykje til felles med *Ronja Røvardotter*, synest eg. Eg er så glad for at mange lesarar får møte Glimmerdalens vesle dunder i ei tid då dei skal forme sitt eige sjølvbilete, seier **Åshild Irgens**.

– For meg er mirakel-musikken i fossen ved Glimmerdals-setra høgdepunktet i forteljinga, held ho fram. – Heile historia er full av musikk, eg ville prøve om eg kunne få musikken til å bli ein del av miljøet. Å teikne er ei musikalsk handling, det er rytmar, valørar, flyt, komposisjon, kontrastar og variasjon. Alle klangane skal fram! Eg skulle gjerne hatt med fleire illustrasjonar. Men det er rett og slett ei ganske tjukk bok, ler ho. Vi måtte prioritere. Sterke, tydelege karakterar

var viktig i denne forteljinga. Målet mitt er alltid at teksten og teikninga smeltar saman og blir ein heilskap for lesaren. At du seinare kan kome til å blande i hop det som hende i teikninga og det som hende i teksten, når du hugsar tilbake. Då har eg lukkast, smiler ho.

– Eg trur ein øver seg i empati når ein les god litteratur. Ein blir kjend med seg sjølv òg. Difor er kvalitet så viktig. Kanskje kan ikkje alle ungar bli glade i å lese, men eg trur alle ungar kan bli glade i å sjå. Å lese bilete er også å lese. Eit bilete kan lesast på tusen måtar, avsluttar **Åshild Irgens**.



VEVSIDETIPS

PRESENTERT AV **Hjalmar Siksund**

Dokpro: www.dokpro.uio.no

NETTSTADEN DOKPRO er resultatet av eit samarbeid mellom dei fire første universiteta i Noreg. Namnet *Dokpro* er ei forkorting for *Dokumentasjonsprosjektet*. Føremålet var å gjere norske språk- og kultursamlingar tilgjengelege gjennom Internett. Prosjektet blei avslutta i 1997, men resultatet ligg framleis ute og er i flittig bruk. Vi vil trekkje fram to av samlingane:

www.dokpro.uio.no/ordboksoek_nynorsk.html

Den mest kjende ressursen er truleg ordboka på nett. Ho let deg sjekke alt som gjeld rettskriving, frå korrekt stavemåte til bøyingsmåtar av substantiv og verb, og dessutan viser ho tydingar og døme på bruk. Ein artig ekstraraksjon ved nettordbøkene er statistikken. Den avslører at nynorskskrivarar er usikre på korleis dei skal bøye verbet «skrive», medan flest søker på «dessverre» i Bokmålsordboka.

www.dokpro.uio.no/Kalmarunionen/index.htm

Folkevisesautomaten er ei samling gamle folkeviser og balladar. Den verkelege skatten på sida er Arkivet, der eit utval viser og balladar finst som tekst, på notar, i opptak og med ei skildring av historia visene fortel. For den som er lærar og underviser i mellomalderlitteratur, er dette ei gullgruve. Ein finn òg informasjon om både songarar og innsamlarar og om liknande viser frå dei skandinaviske nabolanda.

BOKTIPS

PRESENTERT AV **Trene Garnes Hareide**

Kjenn ditt hjarta falle

MUSIKALITET er det eldste kjenneteiknet på lyrikk. Sjølv ordet lyrikk kjem frå det greske ordet «lyra», som betyr lyre, og vart opphavleg brukt om song til lyrespel. I dag er lyrikken i større grad knytt til den skriftlege kulturen; vi tenkjer på dikt som noko som eignar seg til å lesast like mykje som til å syngjast.

Boka *Kjenn ditt hjarta falle* er ei ny lyrikk-samling frå Det Norske Samlaget, med tekstar frå både inn- og utland, på bokmål og nynorsk. Utvalet inkluderer songtekstar, og på denne måten blir musikaliteten ved lyrikken aktualisert og framheva. Her er mellom anna tekstar av Lillebjørn Nilsen, DumDum Boys, John Olav Nilsen &

Gjengen, i tillegg til tradisjonelle songtekstar av Per Sivle og Ivar Aasen. Likevel er det ikkje snakk om ei songbok, for boka presenterer mange dikt som i mindre grad er musikalske; dikt der refleksjon og poetisk bileitbruk er det sentrale.

Blandinga av nytt og gammalt, av songbare og reflekterande dikt, har ein forfriskande effekt, og det utfordrar oss i høve til førestellingane våre om kva som er «den norske diktskatten». Organiseringa er tematisk, ikkje kronologisk, noko som forsterkar denne effekten.

Boka blir lansert som ei gavebok, og ho har ei vakker utforming, noko som gir tekstane den estetiske ramma dei fortener. *Kjenn ditt hjarta falle*

skaper mange ulike inngangar til å bli fascinert av det poetiske språket, og er difor ei bok det ville vere fint å bruke i skulen. Kanskje kan elevar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule bli inspirerte til å utforske musikaliteten i språket, i møte med denne boka?






Få nyhende og oppdateringar
frå Nynorsksenteret på **facebook**:
www.facebook.com/nynorsksenteret

B

NOREG



P.P.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



© JORUNN HANT-HAUGSETH 2009 / HAUGSETH ILLUSTRASJON

Nynorskopplæring er gratis, og kjem med tre nummer i året.
Tema for neste nummer er litteratur. Send eit e-brev til ror@hivolda.no
for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!